

Overordna utdanningsplan for Kvinneklinikken

Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF

Beskrivelse av utdanningsvirksomheten

Kvinneklinikken ved Stavanger Universitetssjukehus (SUS) er ein stor kvinneklinikk- I 2023 hadde avdelinga 3883 fødselar for 3959 born.

Avdelinga er delt i obstetrisk og gynekologisk seksjon. Obstetrisk seksjon består av fødeavdelinga, fostermedisinsk poliklinikk, observasjonspost for gravide, fødeloftet (normalfødselar), barselavdelinga og barselhotellet.

Gynekologisk seksjon består av seksjon for generell gynekologi, seksjon for gynekologisk onkologi, gynekologisk poliklinikk, samt operativ drift på sentraloperasjon og dagkirurgisk senter.

Det er aukande forskningsaktivitet ved avdelinga, og legar i spesialisering (LIS) tek del i alle aspekt av drifta.

Vi har 30 overlegestillinger og 13 LIS-stillinger, der to er forskningsstillinger (50% forskning+ 50% klinikk). Avdelinga har firedelt vakt med to LIS og ein spesialist i tilstedevakt, og ein tertiærvakt (spesialist) i heimevakt.

Beskrivelse av utdanningsløpene

LIS roterer mellom seksjonane. Som hovudregel starter ein på gynekologisk seksjon, og har deretter ei seksjonering på obstetrisk før ein roterer til to seksjoneringer på gyn. Det er mykje obstetrisk praksis på vakt.

Seksjon for obstetrik:

LIS starter som forvakt på fødeavdelinga, med erfaren LIS tilstades og overlege tilgjengeleg. I tillegg har ein teneste på sengepost (observasjonspost for gravide og barselpost). Her går ein sjølvstendig visitt, med backup av overlege for avklaring og bistand. Det er eigne dagar med ultralydjordmor for å gjennomføre rutineultralyd, seinare i utdanninga òg opplæring og sertifisering i tidleg ultralyd.

Meir erfarne LIS har meir sjølvstendig ansvar på fødeavdelinga (bak mindre erfaren LIS), men alltid overlege tilgjengeleg. Dei har fødepoliklinikk der ein vurderer vekst og vanlege problemstillinger som «lite liv», men òg risikosvangerskap (tvillinger, preeklampsi, diabetes, mv).

Seksjon for gynekologi:

LIS starter med teneste på øyeblikkelig hjelp poliklinikk og sengepost. Alle uerfarne LIS har fast operasjonsveke på dagkirurgisk eining. Meir erfarne LIS har i meir sjølvstendig poliklinikk med aukande vanskegrad. I tillegg har dei fast operasjonsveke på sentraloperasjon.

Vi tilstreber at LIS har ein operasjonsdag per veke, men dette varierer med vaktintensitet.

Meir erfarne LIS seksjonerast ein rotasjon til gyn-onkologi. Her deltek dei i all drift i pasientsamtalar, MDT og operasjon. Vi har hatt varierende hell med å få til strukturert opplæring i kjemoterapi.

Helse Stavanger utfører ikkje fertilitetsbehandling. I vår region skjer dette ved Helse Fonna. Læringsmål innan *fertilitet*, LM 113-118, dekkjes ved hospitering ved fertilitetsavdelingen etter avtale med Helse Fonna.

Generell kirurgi:

Avdelinga har avtale med kirurgisk klinikk ved SUS om seks månader teneste for å oppnå basale kirurgiske ferdigheter, inkludert prosedyreliste. Tenesta foregår på linje med LIS 2 i kirurgi, og fungerer godt.

Introduksjon av nye LIS

LIS får introduksjonsprogram som andre nyansatte, og ein har per i dag 6 veker introduksjon til avdelinga. I denne inngår:

- Tid på fødeavdelinga
- Tid på observasjonspost for gravide og barselavdeling (med meir erfaren LIS/overlege)
- Tid på øyeblikkelig hjelp poliklinikk med meir erfaren LIS, ev overlege
- Tid med ultralydjordmor for å lære biometrimålinger og ultralydteknikk
- Tid på gynekologisk sengepost for introduksjon til rutiner
- Tid på sentraloperasjon og dagkirurgi for å lære rutiner, kirurgisk teknikk, introduksjon til kirurgisk apparatur og suturmateriale.
- Laparoskopisimulering
- STAN/CTG sertifisering
- Obligatoriske e-kurs for nyansatte.
- Følgevakt kvar veke, der ein er med LIS i sjikt 1 fram til kl 21. Dette gir innblikk i vaktrutiner. Ein lærer best på dagtid, og får då normal dagtid neste dag.

Teoretisk undervisning

Avdelinga har 90-100 minutt internundervisning per veke, totalt 72 timar per år. Ca ein gong kvar månad er ein av bolkaner gruppeveiledning kring vanskelege tema som inngår i felles kompetansemål.

De felles kompetansemålene inkluderer:

- Etikk
- Forskningsforståelse
- Kommunikasjon
- Kunnskapshåndtering
- Kvalitet- og pasientsikkerhet
- Lovverk
- Pasient- og brukervedvirkning
- Pasient- og pårørendeopplæring
- Lovverk
- Samhandling

Etikk, kommunikasjon, pasient- og brukervedvirkning, pasient- og pårørendeopplæring samt lovverk er integrerte i mange fagspesifikke LM, td GYN 045 (kompliserte forløsninger og perinatale dødsfall – oppfølging av foreldrene), GYN 040 – rolig og trykk, formidle informasjon i stressede/akutte

situasjoner på fødslestua), GYN 077 – Seksuelle overgrep – undersøkelse, prøvetaking og fotodokumentasjon, GYN 118 – Etske betraktninger knyttet til assistert befruktning.

Desse læringsmåla vil i tillegg til supervisjon og veiledning være mål for sjølvstudium og gruppeveiledning.

Kvar fredag morgon er det undervisning for heile sjukehuset (45 minutt).

Internundervisninga forsøkast knytt til avdelinga sitt årshjul for andre faggrupper. Dette er særleg aktuelt for akutte situasjonar innan obstettrikk, antibiotikabruk og hygiene.

I tillegg oppfordrast LIS til å knytte innhaldet i sine studiedagar mot LM som nyleg er gjennomgått som internundervisning.

Simulering og ferdighetstrening

Alle LIS må gjennom strukturert laparoskopisimulering; 9 økter à 45 minutt. Dei deltek på strukturert opplæring i operativ obstettrikk, med ein til ein trening med overlege med særleg kompetanse («i trygge hender»).

I tillegg må alle delta på årleg simulering i obstettrikk (8 timar per år). Dei fleste deltek òg på in-situ simulering nokre gonger per år. Begge desse er tverrfaglege.

Supervisjon, veiledning og faglig utvikling

LIS får tildelt veileder så snart som råd, vanlegvis ilt fyrste veke ved avdelinga. Veileder tar initiativ til fyrste samtale, innan to veker etter introduksjon.

LIS får tildelt utdanningsplan i kompetanseportalen.

Alle LIS har fire timer fordjupingstid per veke. Desse ligg i plan og er samla som heile dagar. LIS oppfordrast til å legge ein plan for bruk av desse dagane i samråd med veileder, og ein bruker i aukande grad kompetanseportalen for å strukturere lesetid. Dersom fordjupning må utgå som følgje av akutte driftsbehov leggst timane i bank, og gis tilbake ved seinare høve.

LIS har ansvar for å avtale veiledning (10 timar per år). Konkret gjerast dette ved at LIS i starten av rotasjonen ser gjennom eigen arbeidsplan og veileder sin arbeidsplan. Veiledning leggst som hovudsak til lesedag der LIS og veileder møtast 08-09 (før poliklinikk), ev på tidspunkt der veileder er på sengepost. Tida markerast som «møte» for å sikre at veileder ikkje blir satt til andre oppgåver. Veiledning dokumenterast i kompetanseportal.

LIS har alltid tilgong til supervisor. På obstetrisk seksjon er dette ein senior obstetriker, på gyn-seksjon ein overlege for generelle spørsmål, eller ein gyn-onkologisk ansvarleg for onkologiske vurderingar. LIS opererer i hovudsak med spesialist, men tidvis opererer to LIS med spesialist i bakhand. Dette for å sikre at meir erfarne LIS får øve på supervisjonsrolla i trygge rammer.

Supervisor signerer for prosedyrer i kompetanseportalen, og dette brukast aktivt for å strukturere tilbakemeldingar og mester-svenn-læring.

LIS tek del i tverrfaglege møter i avdelinga avhengig av seksjonstilknytting. Dette inkluderer fostermedisinske diskusjonar, tverrfaglig møte med neonatologane, patologimøte, onkologimøte (lokalt og regionalt) og tverrfaglig bekkenbunns møte med gastrokirurg og radiolog. LIS oppfordrast til å presentere eigne pasientar der dette er aktuelt, og følger sjølv opp desse.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål og evalueringsskollegium

Dei fleste læringaktivitetane (LA) for læringsmål (LM) er sjølvregistrering, og diskuterast i veiledning. Prosedyrekravene inkluderer mange tilfeller av supervisjon, der supervisor må signere på at aktiviteten er gjennomført tilfredsstillande. LIS legg inn i kompetanseportalen og sender direkte til supervisor.

Dette bidreg òg til at meir erfarne LIS og spesialistar blir meir medvetne på å strukturere lærings situasjonar slik at læringsutbyttet blir betre.

Avdelinga har evalueringsskollegium kvar sjette veke. Målet er at alle LIS vurderast to gonger per år. I forkant av vurdering sender undervisningsansvarleg påminning til LIS-veileder-team, samt til alle overlegar. Alle overlegar deltek i evalueringsskollegiet, ein tilstreber at poliklinkkar er sperra for at dette skal være mogleg. LIS og veileder går saman gjennom evalueringsskjema. Veileder presenterer deretter sin LIS for evalueringsskollegiet. Kollegiet går så strukturert gjennom dei same spørsmåla. Slik får ein meir heilskapleg vurdering, der LIS får tilbakemelding via veileder. Alle supervisorar får òg innsikt i kva LIS treng og ønsker å fokusere på.

I tilfeller der det er utfordringar (personlege utfordringar, sakte progresjon, samarbeidsproblemer mv) har veileder møte med LIS saman med utdanningsansvarleg overlege, ev òg med tillitsvalgt og avdelingsoverlege. Det blir ført referat frå møtene.

Forskning

Interesse for forskning vert vektlegg ved tilsetting. Avdelinga har ein overlege tilsett i 20 % stilling som forskningskoordinator og to 50 % forskningsstipend (tidlegare D-stilling). Pr 01.03.2023 har fem av legane ved avdelinga PhD og seks legar er i PhD-løp.

Akademiske artiklar leggst fram som en strukturert del av internundervisning, og med kritisk gjennomgang. Forskningsforståelse er såleis integrert i internundervisninga, og øvst kontinuerleg gjennom debatt og diskusjon.

Avdelinga har forskningssjuepleier, og vi deltar i mange forskningsprosjekt. Det er jamnleg tilbod til LIS om å være med i eitt eller fleire av desse.

Som ledd i felleskompetansemål skal LIS gjennomføre et forbedringsprosjekt. Dette kan til dømes være oppdatering av prosedyrer og det er fokus på vitskapeleg bakgrunn og kritisk vurdering av dette.

Når legar ved avdelinga disputerer reduserer vi drifta til minimumsdrift for at så mange som mogleg skal kunne være med.

Forskningsgruppa møtast om lag ein gong kvar månad, og er open òg for legar utan pågåande forskning.

Avdelinga har lang tradisjon for å arbeide med kvalitetssikkerhet. Per i dag er to LIS med i forbedringsprosjekt, og dette vil bli vidareført. Det er eit mål at LIS skal få være med på pasientsikkerhetskoneranser, at dei på linje med overlegar kan få søke utdanning i pasientsikkerhetsarbeid, og at dei får satt av tid til eventuelle prosjekt dei tek del i.

Utdanningsutvalg og utdanningsansvarlig overlege

Utdanningsutvalet består av tre LIS og tre spesialister, samt utdanningsansvarleg overlege.

Utdanningsansvarleg overlege har satt av 20% tid til oppgåva. Funksjonen har overordna ansvar for undervisning og tilrettelegging for optimal læring og veiledning innan rammene.

Utdanningsutvalet fungerer som rådgjevande gruppe for utdanningsansvarleg overlege.

Individuell utdanningsplan

Ved tilsetjing blir det utarbeidd ein individuell utdanningsplan for LIS. Denne er basert på avdelinga sin generelle plan, men tar omsyn til kvar i løpet LIS er.

Planen vert utarbeidd av LIS i samarbeid med veileder og utdanningsansvarleg. Planen godkjennast av avdelingsoverlege.

Tillitsvalgte

Avdelinga har eit velfungerande tillitsvalgtapparat med tillitsvalgt og varatillitsvalgt for både LIS og overlegar. Desse er inviterte til drøftingsmøter og er aktivt med i utarbeiding av arbeidsplanar og ferieplanar.

Kontakt

For spørsmål om spesialistutdanningen ta kontakt med utdanningsansvarlig overlege.